

Referat frå Årsmøte i FAU ved Klepp Ungdomsskule 11.09.2017

Tal møtte: ca 60

Sak 1: Val av møteleiar: Gunnvald Salte Falkum og referent: Elin Oftedal Braut

Innkalling og saksliste godkjend.

Sak 2: Årsmelding for skuleåret 16/17

Årsmeldinga vart vist på møte, men ikkje gjennomgått i detalj. Den ligg ute på heimesida til Klepp ungdomsskule, så dei som ønskjer det kan gå inn og finna den der.

Sak 3: Reknskap for skuleåret 16/17

Presentasjon av rekneskapen for året og forklaring av inntekter og utgifter. Rekneskapen stemmer og har blitt sjekka av revisor. Rekneskapen vart godkjend.

Sak 4: Val av nye medlemmar til FAU

FAU ønskjer at det skal vere 2 representantar frå kvart trinn i FAU. Per dags dato manglar det representantar frå 10.trinn. Møteleiar ba årsmøte om at FAU får mandat til å skaffa desse representantane i løpet av hausten. Det vart godkjend.

Her er representantane som skal sitja i FAU skuleåret 17/18:

10. trinn: Ikkje klart

9. trinn: Gunnvald Salte Falkum og Elisabeth Soma Håland

8. trinn: Nina Bekkeheien (ny) og Stig Erlend Eidså (ny)

Dei nye representantane blei klappa inn av årsmøtet og er med dette godkjende.

Føredrag: Lurer du på korleis det står til med ungdom i det digitale universet?

Etter årsmøte var det besøk frå Barnevakten, ein organisasjon som gjev råd om barn og medier. Det var eit interessant og lærerikt føredrag om eit veldig aktuelt tema. Kristian Berntzen kom med nyttig info og konkrete tips til foreldre om korleis ein kan vere med å styre ungdomane sin mediebruk, bygge gode haldningar og forebygge nettmobbing.

Referent: Elin Oftedal Braut